



KRIMDEBUTANT: – Somme hoppar i fallskjerm for å kjenne sitringa. Andre les krim, seier Kjell H. Mære, som debuterer med krimromanen «En til evigheten».

FOTO: TRYGVE LIEN

Første krimroman ut

For journalist og forfatter Kjell H. Mære er det litt uverkeleg. Debutboka «En til evigheten» er trykkerivarm, og ein gammal draum har gått i oppfylning.

Det er ein utspekulert mordar i gang i Valdres. Trass Rakfiskfestival og sommarstemning breier uhygga seg. Politiførstebetjent Thor Due får bruk av både fantasi og idérikdom i jakta på den omsynslause mordaren. I «En til evigheten» står fleire menneskeliv på spel.

Valdres

Valdres-journalisten begynte å skrive på boka like etter påske i fjor. No skin det frå eit omslag i lyse fargar. Mære skin litt han også. Ein gammal draum har gått i oppfylning.

– Kva fekk deg til å begynne å skrive i fjor?

– Eg hadde nett lese krimromanen «Nattergalen» av ein tidlegare kollega, Kai Martin Brekke.

Mære vart inspirert.

– Eg tenkte vel litt slik at når han debuterer no, så er vel ikkje eg heller for gammal. Og så er det ei drivande god historie frå Flåm. Brekke viste meg korleis det skal gjerast. Han skubba

meg fram, på ein måte.

I «En til evigheten» er handlinga lagt til Valdres – som er perfekt som kulisser for ein krimroman, ifølge innflyttaren Mære.

– Valdres er kontrastfylt, med bysamfunn, som Fagernes og bygdesamfunn. Jordbrukslandskap og villmark. Det er ein klisjé, men det er eit Noreg i miniatyr.

Noko reklameskilt av Fagernes og Valdres har han likevel ikkje teikna. Heller ikkje noko sosialantropologisk utgreiing. I boka er Valdres åstad for grufulle hendingar, og difor er også alle personar oppdikta.

– Historia kunne ha skjedd kvar som helst. Men no er Valdres eit område eg kjenner godt, så det var naturleg for meg å legge handlinga hit. Vi blir godt kjent med både skurk og helt, røper Mære.

– Tenkjer du på at folk lett kan føle seg støtt når ein skriv om ein lokal stad?

– Eg har tenkt mykje på det, og det har også skjedd leie og triste ting i Valdres. Eg har også tenkt at

det kanskje ikkje passar seg å skrive ein slik roman, men eg håper folk ser at dette i seg sjølv har ein verdi. I ein kriminalroman er det ikkje drapet, men spaninga rundt oppklaringa som er det sentrale.

Familiefar

Som journalist har Mære god kjennskap til hendingar som har prega Valdres, og har eit godt samarbeid med politiet i regionen. Han har dermed mange kontaktar som har vore til hjelp i førebuinga til romanen.

– Men om nokon kjenner seg trakka på må det vere min eigen sjef, for han har blitt erstatta av ein kvinneleg sjefredaktør i «En til evigheten», ler Mære.

– Fortell om helten!

– Thor Due er ein god og stabil familiefar. Han er litt barnslig, har litt lett for å trekke slutningar for fort, men han er også veldig idérik. Han er godhjarta og 100 prosent til stades i jobben.

– Korleis gjekk du fram då du begynte å skrive?

– Eg hadde gjerningsmannen klar. Og ein idé. Så sette eg meg ned for å skrive. I ein slik prosess er det utruleg kva ein kan lære om seg sjølv. Skriveprosessen var ei lukkeleg oppleving. Det vart ein omstendeleg prosess. Eg måtte stadig tilbake å endre ting etter-

kvart som historia utvikla seg.

– Kva gjer at vi er så fascinert av grufulle handlingar som mord?

– Ja, sei det, seier Mære og tenker seg om.

– Vi identifiserer oss ofte med helten og dei gode gjerningane. Vi likar å kjenne sitring. Somme hoppar ut frå ein fjellskrent for å få den sitringa, andre les krim.

Skilnader

Mære er frå Sparbu i Nord-Trøndelag, og har jobba i avisa Valdres i 19 år. Før det har han jobba i Oslo, Årdal i Sogn, Inderøy og Vinstra.

– Dei ulike stadane har hjelpt meg til å få svar på spørsmålet om det er skilnad på by og bygdefolk.

– Ja, er det det?

– Ja, det er det. Og industrisamfunnet skil seg frå begge.

– Korleis merker du skilnadane?

– Haldningane til folk. Til dømes i industrisamfunnet – der er solidariteten viktig. Men han kan også bli ein litt stram uniform: «Sånn skal det vere».

Og byfolk har nok med seg og sitt.

– Og på bygda?

– Der er det den gode nabo, som bryr seg. Noko som ikkje alltid er berre positivt.

– Kva nytte har du av journa-

listen i deg når du skal skrive fiksjon?

– Det er to heilt ulike ting. Som journalist har eg mange gonger hatt eit nært samarbeid med politiet, og eg veit litt om korleis dei jobbar. Som journalist har eg også mange kontaktar blant ulike yrkesgrupper.

Men å vere journalist kan også ha sine feller.

– Eg ville bruke fantasien og lage ein røverroman. Ein begynner lett å skrive reportasjar.

Sperre

Mære brukte kveldar og helger, og hadde ei kona som stadig forventar nye kapitler ho kunne lese på senga.

– Kona er heilt einestående. Ho har pusha på, og er den første og største kritikaren.

Sjølv oppdaga han gleda ved å skrive igjen – noko som er nyttig for ein journalist.

– Eg vil tilrå alle journalistar som trur dei har skrivesperre å prøve seg på noko anna. Dikt, noveller – kva som helst.

Onsdag blir boka lansert i Valdres og lagt ut for sal. Om lesarane vil ha meir, så har Mære fleire utkast klare.

LAURA DJUPVIK

laura.djupvik@nationen.no